

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Såmannssøndag - 17. februar 2019**

Preiketekst: Matt 13,24-30

Lesetekst I: 5 Mos 6,1-9

Lesetekst II: 2 Tim 1,1-5; 3,14-17

## DET GODE KORNET ER DEI SOM ER BORN AV RIKET

Vekstmotivet kan vera det samanbindande temaet denne søndagen, gjerne kombinert med tydinga av trusopplæring. Dei to lesetekstane handlar begge om trusopplæring med utgangspunkt i ein jødisk kontekst.

### Tekstane

*Leseteksten* frå 5 Mos 6,1-9 er ein viktig GT-tekst. Den inneheld den jødiske truvedkjenninga (v 4) som blir sagt fram dagleg av alle religiøse jødar, og den seier noko om konkret og tydeleg formidling av trua til nye generasjonar.

*Leseteksten* frå 2 Tim 1,1-5 og 3,14-17 er Paulus sine ord til Timoteus om hans barndom og oppvekst. Timoteus var ein ungdom som Paulus blei kjent med og som han fekk med seg i misjonstenesta. Mormora og mora si tru hadde sett djupe spor i han, og Paulus kjem med ei sterk oppmoding til at han skal halda fast på det han har lært.

*Preiketeksten* frå Matt 13,24-30 er ei av Jesu likningar der han brukar vekstmotivet. Jesus forklarar sjølv likninga til disiplane i v 36-43. Tematisk er det også nær samheng med likninga om fiskenota i v 47-50.

### Bibeldagen

Det er lang tradisjon for å feira Bibeldagen på Såmannssøndagen. Bibelselskapet skriv: *«Bibeldagen er den årlige feiringen av Bibelens plass i menigheten, i Norge og i verden. På Bibeldagen setter vi Bibelen i sentrum og gleder oss over at vi har den på vårt eget språk. Vi setter fokus på bibelbruk og vil hjelpe alle til å åpne Bibelen. Og vi vender blikket ut mot mennesker i andre land som også ønsker seg en bibel.»*

Bibelmisjons-prosjekt på Bibeldagen dette året er «Bibelen til nye språk i Etiopia». Sjå <https://www.bibel.no/Bibelgaven/Bibeldagen/Bibeldagen2019> der det også er stoff til preika under overskrifta «Det gode kornet toler å gro ved sida av ugraset».

Ein interessant salme å lesa eller synga denne dagen, er Qumranteksten «Som toner i en evig sang er dine ord og bud», Norsk Salmebok 395. Teksten kjem altså frå Dødehavsrullane og er såleis ein gamal jødisk tekst. Den er omsett til norsk av Torleif Elgvin og vidare bearbeidd til salmetekst av Sven Aasmundstveit. Melodien er ein vakker irsk folketone!

### Jesu likningar

Preiketeksten er henta frå Matteus si samling av Jesu likningar om himmelriket i kap 13. Der dei andre evangelistane gjengir Jesu forkynning om *Guds rike*, omskriv Matteus dette

med *himmelriket*. Dette viser ei særleg pietetsfull haldning til jødiske tradisjonar, der ein var forsiktig med å uttala Guds namn og heller brukte ulike omskrivingar. Jesu likningar viser på ein spesiell måte kor jødisk han var. Likningane er solid planta i ein forteljartradisjon som også blei vidareført i rabbinisk jødedom. Den felles bakgrunnen går tilbake til GT, sjå f eks 2 Sam 12,1-4 (Natan) og 2 Sam 14,4-7 (kvinna frå Tekoa).

David Stern skriv i essayet *Midrash and parables in the New Testament* (i *The Jewish Annotated New Testament*, side 565 ff): «*Because of their common roots it is not surprising that both New Testament and rabbinic parables share common language-patterns and dictions, narrative motifs, character types, and rhetorical strategies, albeit with important differences between them. These differences are especially evident in the way the parabolic narratives are used and interpreted in their respective literary contexts.*»

### Likninga om ugraset i kveiten

Denne likninga er i følge Matteus fortalt til folket på stranda ved Gennesaretsjøen (13,1-2) og forklara for disiplane då dei kom inn (13,36), det vil truleg seia inn i Peters hus i Kapernaum.

Likninga har ei litt anna vinkling på vekstmotivet enn dei andre likningane på Såmannssøndagen (Luk 8,4-15 og Mark 4,26-34), spesielt med tanke på Jesu forklaring i v 38 om at såkornet er Guds barn, altså ikkje Guds ord: «Det gode kornet er dei som er born av riket». Dette får meg til å tenka på Alfred Hauge sin salme *Du er Gud over år og tider* (Norsk Salmebok 850): «Mine dagar er korn i di hand / ... / må eg då i eit evig sekund / vera grøde blant førstegrøda / hausta inn frå din åkergrunn.»

Bruken av «hausten» i likninga (v 30) og i forklaringa (v 39ff), er eit eksempel på koss Jesus brukar ein fast metafor (eit ord som blir brukt i overført tyding) frå den jødiske tradisjonen. Hausten er ein vanleg metafor for Guds endelege dom, sjå f eks Jer 51,33 og Hos 6,11.

Likningane om himmelriket i kap 13 nyttar kvar sine bilde og har kvar sine tema. I dagens tekst er ugras eit viktig stikkord. «*Husbonden vet at ugraset kommer fra hans fiende. Han er ikke opptatt av fienden, men av åkeren og avlingen.*» (Hans Kvalbein). Det er eit hovudpoeng i teksten at kveiten og ugraset må få veksa side om side til hausten (v 30). Til tross for at Jesus forklarar at åkeren er verda (v 38), har likninga ofte vore forstått som ein tekst om kyrkja. Koss skal me bruka dette i forkynninga? Her er eit par innspel:

- Hans Kvalbein skriv at likninga ikkje kan brukast i ein argumentasjon mot kyrkjetukt og for ei open folkekyrkje. Teksten må heller vera mynta på tendensar i Jesu samtid til å villa «*virkeleggjøre adskillelsen før tiden*». Han skriv også: «*Når Gud selv vil, skal Guds rike framstå i renhet og klarhet. Dommen innebærer at de onde ryddes bort. Men Guds rike er i vekst allerede nå, og i denne tiden må ingen ta Guds dom i sine hender. Denne liknelsen gir en klar avvísning av enhver form for sverdmisjon eller voldelig adferd overfor vantro og sier også et klart nei til inkvisisjon som bruk av makt for å rense kirken. Det er viktig å skjelne mellom den nåværende veksttid og den kommende dom og fullendelse.*» (Jesus. Hva ville han? Hvem var han? Side 154f)
- Sjur Isaksen skriv at poenget i likninga er at åkeren skal reinsast, men ikkje ennå. På veg mot hausten er det fleire grunnar til at me skal «la være å drive med overdreven luking og sterke sprøytemidler». For det første fordi det gode og det vonde er så tett samanvevd, både i kyrkja og i samfunnslivet. For det andre fordi det ikkje er lett for oss å sjå forskjellen tydeleg nok. Historia viser at skjelninga mellom det gode og det vonde må gjerast med stor ydmykhet og med mange forbehold. Gud er tålmodig. Det bør også me vera. (Ordet gjennom året, bd 3, side 60f)

### Preika

Carl Henrik Martling: Mitt i verkligheten bd 1 (side 101) har ei skisse til ei preike over denne

teksten. Hovudoverskriftene hans er slik. Til kvart punkt har han fleire underpunkt.

Också på Guds åker

1. är det svært at skilja vete från ugras
2. skall mognaden visa vad som är vete
3. skall skörden rensas och vetet bärgas (her viser han til slutt til 1 Pet 1,23: For de er fødte på nytt, ikkje av forgjengeleg sæd, men av uforgjengeleg, ved Guds levande ord som alltid varer ved.)

Mitt forslag til ei preike som har meir fokus på Bibeldagen:

- Bibeldagen / bibelmisjonsprosjektet
- Guds ord i trusopplæringa (lesetekstene)
- Jesu likning om åkeren med kveite og ugras
- Dette dreier seg om det evige livet: «Mine dagar er korn i di hand / ... / må eg då i eit evig sekund / vera grøde blant førstegrøda / hausta inn frå din åkergrunn.»

**Arne Berge**

Sokneprest i Hinna menighet, Stavanger, og frivillig medarbeidar i Den Norske Israelsmisjon  
[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)